



Opprustinga av Helgheim går mot slutten....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Dugnaden på Helgheim går mot slutten etter ein storinnsats og han blir avløyst av dugnad på bedehuset. Dei gamle forsamlingshusa i Uskedalen får med andre ord ein "new look" dette året. Samstundes skal Aktivitetshuset fullførast.

Dugnadsbasen på ungdomshuset Audun Eik sleg fast at folk er svært opptekne og at det ikkje alltid er så lett å samla så mange som ynskjeleg til å ta eit tak,

- Men eg skal ikkje klage heller. Det møtte fram mellom fem og åtte, med toppframmetet siste gongen. Vi var med andre ord ein bra gjeng mot slutten, seier Audun til uskedalen.no.

- Men heilt ferdige til bryllupet vart dykk ikkje?

- Vi vart ferdige innvendig med eit naudstrik! Det står att litt golvlisting medan vi fekk gjennomført utforinga av vindauga og listing rundt desse. Derimot måtte vi sløyfa lakkinga av golvet, og denne kan heller ikkje skje før etter det neste bryllupen som går føre seg i næraste framtid. Utvendig står det att måling av veggene mot sørvest, og denne planlegg vi å ta like over pinse, fortel dugnadsbasen.

Han har enno ikkje oversikt over kva opprustinga av Helgheim har kosta, men trur dei kommer relativt rimeleg gjennom operasjonen. Det er vindauga som har kosta klart mest, mens eksempelvis målinga var relativt rimeleg. Raudfargen ser ut til å vera litt djupare enn den som var der frå før, men det kan endra seg med åra når ver og vind har påverka veggane. Heldigvis var panelen i god stand, det var nødvendig å skifta ut berre eit enkelt bord.

Når det så gjeld bedehuset, opplyser Jon Harald Kjærland at arbeidet kom igang som planlagt 18. mai. Det som skal gjerast er ombyggjing av toaletta til livslau-stand og innlegging av varmt vatn i desse romma. Dessutan skal sikringsskapa få ny innmat og bli tryggare.

- Vi er ferdig med å riva veggjar og skjæra betong for flytting av sanitære nedlaup, fortel Kjærland. Så kjem turen til golvstøyping og inndeling av romma.

Framdrifta går litt "i rykk og napp" fordi fagfolk må inn i biletet frå tid til annan.

Arbeidet må vera fullført til midten av august, då aktivitetane tar til att og Kjærland har god tru på at dette vil gå glatt sjølv om det skulle skje uforutsette ting.

- Men kva med økonomien etter at kommunen ikkje innfridde?

- Ja, vi fekk berre 10.000 kroner medan vi søkte om 40.000, men vi kan søkje att til hausten. Vi treng litt meir pengar, men har allereie samla inn 50.000 og har sett i gang ekstra loddsal. Vi er optimistar og er sikre på at vi skal komma i mål også med omsyn til økonomien, seier Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen



....medan opprustinga av bedehuset har kome i gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)